

# 2018

KVARTALSRAPPORT 31.12.2018



SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE  
NO 937 899 785  
TELEFON 70 07 00 00

**SpareBank** 1  
SØRE SUNNMØRE



# INNHALD

HOVUDTAL .....	03
RAPPORT FRÅ STYRET .....	05
RESULTAT .....	10
BALANSE .....	11
ENDRING I EIGENKAPITAL .....	12
KONTANTSTRAUMOPPSTILLING .....	13
NOTAR .....	14
1. REKNESKAPSPRINSIPP .....	14
2. SEGMENTINFORMASJON .....	15
3. UTLÅN TIL OG KRAV PÅ KUNDAR .....	16
4. MISLEGHOLD .....	17
5. TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR .....	18
6. KAPITALDEKNING .....	19
7. FINANSIELLE EIGNELUTAR VURDERTE TIL AMORTISERT KOST .....	21
8. FINANSIELLE EIGNELUTAR VURDERTE TIL VERKELEG VERDI .....	22
9. VERDIPAPIRGJELD OG ANSVARLEG LÅN .....	23
10. INNSKOT FRÅ KUNDAR .....	24
11. LIKVIDITETSRISIKO .....	24
12. EIGARDELSKAPITAL OG EIGARSTRUKTUR .....	25
13. VIKTIGE REKNESKAPSESTIMAT OG SKJØNNMESSIGE VURDERINGAR .....	25
14. FINANSIELLE INSTRUMENTER OG MOTREGNING .....	25

# HOVUDTAL

## RESULTAT KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018	2. kvartal 2018	1. kvartal 2018	4. kvartal 2017	3. kvartal 2017	2. kvartal 2017	1. kvartal 2017
Renteinntekter	62.717	59.089	58.307	56.685	58.743	59.764	58.470	58.359
Rentekostnader	27.098	24.739	24.420	22.980	23.256	23.272	23.931	25.746
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>35.620</b>	<b>34.350</b>	<b>33.887</b>	<b>33.705</b>	<b>35.487</b>	<b>36.493</b>	<b>34.539</b>	<b>32.613</b>
Provisjonsinntekter	17.272	17.422	17.249	18.443	18.288	18.894	17.036	16.291
Provisjonskostnader	1.292	1.613	993	1.107	935	1.056	855	1.010
Andre driftsinntekter	1.088	1.055	1.280	2.229	1.109	1.182	5.526	4.933
<b>Netto provisjons- og andre inntekter</b>	<b>17.067</b>	<b>16.864</b>	<b>17.535</b>	<b>19.565</b>	<b>18.462</b>	<b>19.019</b>	<b>21.708</b>	<b>20.214</b>
Utbytte	-	-21	167	9.994	1.456	1	7.238	184
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder	8.518	6.150	6.916	3.708	11.504	6.884	5.811	6.532
Netto verdiendring på finansielle eignelutar	1.392	237	8.385	386	-2.598	-1.771	577	2.512
<b>Netto avk. på finansielle investeringar</b>	<b>10.410</b>	<b>6.366</b>	<b>15.467</b>	<b>14.088</b>	<b>10.362</b>	<b>5.114</b>	<b>13.625</b>	<b>9.228</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>63.097</b>	<b>57.581</b>	<b>66.890</b>	<b>67.358</b>	<b>64.310</b>	<b>60.626</b>	<b>69.871</b>	<b>62.055</b>
Personalkostnader	16.975	15.156	19.214	16.181	11.266	15.451	22.814	17.259
Administrasjonskostnader	9.584	9.615	9.953	10.292	9.325	8.328	7.322	8.755
Avskrivningar varige driftsmidlar	1.739	1.780	1.781	1.819	1.882	1.958	2.525	2.472
Nedskrivningar varige driftsmidlar	-	-	-	-	-4.300	-	-	-
Andre driftskostnader	5.784	3.853	3.912	4.751	6.417	3.315	6.226	5.433
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>34.081</b>	<b>30.404</b>	<b>34.859</b>	<b>33.043</b>	<b>24.589</b>	<b>29.052</b>	<b>38.886</b>	<b>33.919</b>
<b>Resultat før tap</b>	<b>29.016</b>	<b>27.176</b>	<b>32.030</b>	<b>34.315</b>	<b>39.722</b>	<b>31.574</b>	<b>30.985</b>	<b>28.136</b>
Nedskrivning aksjar	350	-	-	-	-	-	3.206	-
Tap på utlån, garantiar	853	5.224	902	3.098	-2.613	5.541	15.766	1.069
<b>Resultat før skatt</b>	<b>27.813</b>	<b>21.953</b>	<b>31.128</b>	<b>31.217</b>	<b>42.334</b>	<b>26.033</b>	<b>12.014</b>	<b>27.067</b>
Skattekostnad	5.092	4.000	4.825	4.000	2.077	4.650	1.510	5.500
<b>Resultat for perioden</b>	<b>22.722</b>	<b>17.953</b>	<b>26.303</b>	<b>27.217</b>	<b>40.258</b>	<b>21.383</b>	<b>10.504</b>	<b>21.567</b>

**HOVUDTAL KONSERN**

(Tal i mill. kroner)	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018	2. kvartal 2018	1. kvartal 2018	4. kvartal 2017	3. kvartal 2017	2. kvartal 2017	1. kvartal 2017
<b>Lønsemd</b>								
Eigenkapitalavkastning etter skatt <sup>1</sup>	7,10 %	5,75 %	9,27 %	10,22 %	14,70 %	8,20 %	4,20 %	9,88 %
Kostnadsprosenten <sup>2</sup>	54,0 %	52,8 %	52,1 %	49,1 %	38,2 %	47,9 %	55,7 %	54,7 %
<b>Balansetal</b>								
Brutto utlån til kundar	8.114	7.890	7.699	7.440	7.345	7.320	7.234	6.957
Brutto utlån til kundar inkl. KF <sup>3</sup>	10.550	10.308	10.120	9.900	9.771	9.710	9.614	9.326
Innskot frå kundar	6.454	6.396	6.275	5.950	5.838	5.703	5.934	5.628
Innskotsdekning	79,5 %	81,1 %	81,5 %	80,0 %	79,5 %	77,9 %	82,0 %	80,9 %
Innskotsdekning inkl. KF <sup>3</sup>	61,2 %	62,1 %	62,0 %	60,1 %	59,8 %	58,7 %	61,7 %	60,3 %
Utlånsvekst siste 12 mnd.	10,47 %	7,78 %	6,42 %	6,95 %	5,76 %	4,37 %	2,95 %	1,42 %
Utlånsvekst siste 12 mnd. inkl. KF <sup>3</sup>	7,97 %	6,15 %	5,26 %	6,15 %	4,77 %	3,98 %	3,54 %	2,30 %
Innskotsvekst siste 12 mnd.	10,55 %	12,15 %	5,74 %	5,72 %	3,57 %	2,55 %	6,50 %	6,66 %
Forvaltningskapital	9.271	9.180	9.061	8.729	8.611	8.544	8.534	8.312
Forvaltningskapital inkl. KF <sup>3</sup>	11.706	11.598	11.482	11.188	11.037	10.934	10.914	10.682
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) i kvartalet	9.247	9.184	8.762	8.668	8.649	8.409	8.314	8.338
<b>Tap og misleghald</b>								
Tapsprosent utlån <sup>4</sup>	0,04 %	0,26 %	0,05 %	0,17 %	-0,14 %	0,30 %	0,87 %	0,06 %
Misleghaldne engasjement i % av brutto utlån	0,66 %	0,63 %	0,66 %	0,73 %	0,81 %	0,86 %	0,87 %	1,05 %
Andre tapsutsette engasjement i % av brutto utlån	0,08 %	0,19 %	0,22 %	0,22 %	0,21 %	0,74 %	0,75 %	0,75 %
Tapsprosent utlån inkl. KF <sup>3,4</sup>	0,03 %	0,20 %	0,04 %	0,13 %	-0,11 %	0,23 %	0,66 %	0,05 %
Misleghaldne engasjement i % av brutto utlån inkl. KF <sup>3,4</sup>	0,51 %	0,49 %	0,50 %	0,55 %	0,61 %	0,65 %	0,65 %	0,78 %
Andre tapsutsette engasjement i % av brutto utlån inkl. KF <sup>3,4</sup>	0,06 %	0,15 %	0,16 %	0,17 %	0,16 %	0,56 %	0,56 %	0,56 %
<b>Soliditet</b>								
Kapitaldekning	21,14 %	21,11 %	21,46 %	21,07 %	21,85 %	21,06 %	18,34 %	16,91 %
Kjernekapitalsprosent	18,15 %	18,06 %	18,39 %	17,88 %	19,05 %	18,25 %	15,61 %	14,26 %
Rein kjernekapitaldekning	17,20 %	17,08 %	17,41 %	16,86 %	18,49 %	17,57 %	14,95 %	13,74 %
Ansvarleg kapital	1.026	1.003	1.017	957	969	942	828	737
Kjernekapital	881	857	872	812	845	816	704	621
Rein kjernekapital	835	811	825	766	820	786	674	599
Risikovekta balanse	4.853	4.748	4.740	4.541	4.436	4.473	4.513	4.357
Uvekta kjernekapital (Leverage Ratio)	9,60 %	9,53 %	8,90 %	8,87 %	9,31 %	9,09 %	7,85 %	7,17 %
Likviditetsdekning (LCR) <sup>5</sup>	146 %	207 %	195 %	219 %	226 %	266 %	226 %	145 %
<b>Bemanning</b>								
Tal på årsverk	62,5	61,2	62,2	69,7	69,2	68,2	66	65
<b>Eigenkapitalbevis<sup>6</sup></b>								
Resultat per eigenkapitalbevis	1,71	1,38	4,00	2,66	1,72	-	-	-
Tal på utferda bevis	1	1	1	1	1	1	-	-
Bokført eigenkapital for eigenkapitalbevisegarane	118	109	109	109	110	100	-	-
Eigenkapitalbevisbrøk i %	11,42 %	11,39 %	11,38 %	11,34 %	11,55 %	10,80 %	-	-

**FORHALDSTAL I % AV GFK**

(Tal i heile tusen kroner)	4. kvartal 2018	3. kvartal 2018	2. kvartal 2018	1. kvartal 2018	4. kvartal 2017	3. kvartal 2017	2. kvartal 2017	1. kvartal 2017
Rentenetto i prosent av GFK <sup>7</sup>	1,53 %	1,48 %	1,55 %	1,58 %	1,63 %	1,72 %	1,65 %	1,59 %
Resultat etter skatt GFK	0,97 %	0,78 %	1,20 %	1,27 %	1,85 %	1,01 %	0,50 %	1,05 %

- Overskot i prosent av gjennomsnittleg eigenkapital (GFK). Hybridkapital er ikkje rekna med og renter på denne er fråtrekt i overskotet
- Sum driftskostnader i % av sum inntekter
- Kredittføretak (KF) som er nytta er SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt
- Netto tap i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Annualisert

- Likvide aktiva dividert på netto likviditetsutgang i eit 30 dagers alvorleg stressscenario

- Tal er for morbanken

- Netto renteinntekter i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)

# RAPPORT FRÅ STYRET

## Konsernet SpareBank 1 Søre Sunnmøre

Konsernrekneskapen per 31.12.18 er konsolidert på grunnlag av rekneskapa frå morbank og det heileigde dotterselskapet, Eiksundregionen Eigedom AS.

Vidare er banken sin eigardel i dei felleskontrollerte verksemdene, Samarbeidende Sparebanker AS på 7,82 prosent og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS på 4,63 prosent, konsolidert inn. Sjå i denne samanheng noten for rekneskapsprinsipp.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre rapporterer rekneskapen etter IFRS. Alle tal i kvartalsrapporten er knytte til konsern om ikkje anna er opplyst. Tal i parentes er for tilsvarande periode i fjor.

Konsernet har 63 tilsette ved utgangen av 4. kvartal - til saman utgjer dette 62,5 årsverk.

## Resultat fjerde kvartal 2018

SpareBank 1 Søre Sunnmøre hadde eit resultat før skatt i kvartalet på 27,8 mill. kroner mot 42,3 mill. kroner i same periode i fjor. Nedgangen i resultatet er hovudsakleg relatert til at det i fjerde kvartal 2017 blei ført ei positiv avsetning på pensjonar medan det i fjerde kvartal 2018 blei gjort ei kostnadsføring.

Netto renteinntekter enda på 35,6 mill. kroner i fjerde kvartal 2018 mot 35,5 mill. kroner i fjerde kvartal i 2017. Den positive effekten frå renteauken i november blei noko motverka av auka pengemarknadsrente i desember.

Netto provisjons- og andre driftsinntekter enda på 17,1 mill. kroner i fjerde kvartal 2018 mot 18,5 mill. kroner same periode i fjor mellom anna som følgje av lågare provisjonsinntekter på utlån overført til kredittføretaka.

Eigenkapitalavkastninga var på 7,1 prosent i fjerde kvartal i år mot 14,7 prosent i same kvartal 2017.

Avkastning på finansielle eigneluter var 10,4 mill. kroner i fjerde kvartal 2018 på linje med fjerde kvartal 2017.

Driftskostnadene i kvartalet er på 34,1 mill. kroner mot 24,6 mill. kroner same periode i fjor. Auken skuldast hovudsakleg føring på pensjonar.

Resultat etter skatt var 22,7 mill. kroner mot 40,3 mill. kroner same periode i fjor. Nedgangen er i hovudsak på grunn dobbelt utbytte frå selskap i alliansen og av at

pengemarknadsrenta har stege i perioden og dette har hatt effekt både på netto renteinntekter og provisjon frå kredittføretak.

Samla utlån inkludert kredittføretak auka med 2,3 prosent i kvartalet, mot 0,6 prosent i fjor. Innskot auka med 0,9 prosent i fjerde kvartal 2018 mot 2,4 prosent same kvartal i fjor. Innskotsdekninga er på 79,5 prosent (79,5 prosent) og 61,2 prosent inkludert kredittføretaka (59,8 prosent).

Rein kjernekapitaldekning for morbanken er på 16,70 prosent ved utgangen av fjerde kvartal i år mot 17,81 prosent for eit år sidan og 16,69 prosent ved utgangen av førre kvartal. Uvekta kjernekapital for morbanken var på 9,22 prosent mot 9,03 prosent i same periode i 2017. Rein kjernekapital etter forholdsmessig konsolidering var 16,25 prosent ved utgangen av fjerde kvartal.

## Forsikringssamarbeid

SpareBank 1 Gruppen AS og DNB ASA inngjekk 24. september ein avtale om å slå saman sine forsikringsverksemdar. Samanslåinga av forsikringsverksemdene vil skje ved at DNB Forsikring AS fusjonerar med Sparebank 1 Skadeforsikring AS. Sparebank 1 Gruppen AS skal ha ein eigerandel på 65 prosent og DNB 35 prosent i det nye selskapet. DNB har i tillegg sikra ein opsjon på å kjøpe seg opp til 40 prosent eigerandel.

I transaksjonen blei det nye skadeselskapet verdsatt til 19,75 mrd. kroner, inklusive verdien av personrisiko-produkter. Fremtind, utan personrisikoprodukta, er verdsatt til 13,5 mrd. kroner, som også er den verdien som opphavleg blei lagt til grunn i transaksjonen.

Basert på tall frå 31.12.17 og proforma konsernrekneskap, vil fusjonen og DNBS oppkjøp frå 20 til 35 prosent eigarandel, samla sett medføre ein auka eigenkapital for SpareBank 1 Gruppen på konsernnivå på ca. 4,7 mrd. kroner. Majoriteten (SpareBank 1 bankane og LO) sin andel av denne auken er ca 2,5 mrd. kroner. SpareBank 1 Søre Sunnmøre sin andel av denne auken (1,5 prosent) utgjer ca. 38 mill. kroner og vil rekneskapsførast over resultatrekneskapen eller direkte mot eigenkapitalen. Dette gir midlertidig tilnærma uendra rein kjernekapitaldekning i konsernet. Sistnemnte skuldast at den auka bokførte verdien av eigarandelen i SpareBank 1 Gruppen AS aukar frådraget i rein kjernekapital og aukar risikovekta beregningsgrunnlag. Samla sett vil dette tilnærma nøytralisere effekten av auka bokførte verdiar. Sparebank

1 Gruppen AS (morselskapet) vil, før ein tek omsyn til effekten av eventuell overføring av personrisikoprodukta, få ein skattefri gevinst på ca. 1,71 mrd. kroner som følge av nedsalet til DNB ASA. SpareBank 1 Gruppen AS sitt utbyttegrunnlag aukar tilsvarande denne gevinsten. SpareBank 1 Søre Sunnmøre sin andel av eit eventuelt utbytte på 1,71 mrd. kroner (1,5 prosent), utgjør 26 mill. kroner. Utbyttet vil redusere verdien av konsernets bokførte verdi av investeringa i SpareBank 1 Gruppen, og dermed også redusere frådraget i rein kjernekapital i kapital-dekningsberegninga og størrelsen på risikovekta beregningsgrunnlag (ref. føregåande avsnitt). Konsernets kapitaldekning vil såleis auke. Basert på konsernets rekneskapstall per 30.9.2018 ville dette medføre ein auka rein kjernekapitaldekning på anslagsvis 0,5 prosentpoeng. Eit eventuelt utbytte frå SpareBank 1 Gruppen vil vere avhengig av kapital situasjonen og avgjersler i selskapets styrande organer og kan ikkje gjennomførast før tidlegast i andre kvartal 2019.

## Resultat januar – desember 2018

Akkumulerte tallstørrelsar pr 31.12 dersom anna ikkje eksplisitt framgår.


### Resultat per 31.12.2018

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har eit konsernresultat før skatt på 112,1 mill. kr (107,4 mill. kr)

Eigenkapitalavkastninga er 8,4 prosent mot 9,9 prosent i tilsvarande periode i fjor.


### Netto renteinntekter, provisjonsinntekter og andre inntekter

Samansetning av totale inntekter



Netto renteinntekter utgjør 137,6 mill. kr mot 139,1 mill. kr i 2017. Konkurransen i marknaden gir press på rentemarginen og stigande pengemarknadsrenter har ført til høgare innlånskostnader. Saman bidreg desse to til ein lågare rentenetto i 2018

Rentenetto og provisjonar frå kredittføretak, i mill. kroner




Netto provisjonsinntekter og andre driftsinntekter var på 71,0 mill. kr (79,4 mill. kr). Nedgangen kjem som følge av effekt på lågare innkonsoliderte inntekter frå dotter-selskap i konsernet mot same periode i fjor.

Netto avkastning på finansielle eignelutar er satt saman av motteke utbytte, inntekter frå eigarinteresser i felleskontrollert verksemdar og verdiendingar på finansielle eignelutar. Netto avkastning er på 46,3 mill. kr mot 38,3 mill. kr same periode i fjor. I andre kvartal vart verdiane på aksjane til Vipps, BankID og BankAxept skreve opp med 7 mill. kroner basert på foreståande fusjon i desse selskapa.

### Driftskostnader

Utvikling driftskostnader



Driftskostnadene i konsernet auka med 5,9 mill. kr samanlikna med same periode i fjor, og utgjer 132,4 mill. kr. Administrasjonskostnadane i morbanken har auka med 5,7 mill. kroner som i hovudsak er relatert til kostnadar frå alliansen.

Det blei i andre kvartal i år kostnadsført 4,5 mill. kroner i estimat på kompensasjon for sluttpakkar ved arbeidsopphør og førtidspensjonering. I same kvartal i fjor vart det også inngått liknande avtaler og det vart då satt av 5,5 mill. kroner.

Kostnader i prosent av totale inntekter for konsernet utgjer 51,9 prosent (49,2 prosent).

### Tap og misleghald

Med verknad frå 1.1.2018 er IFRS 9 for måling av tap teken i bruk. For ei nærare skildring av IFRS 9 viser vi til årsrekneskapen for 2017. Innføring av ny tapsmodell etter IFRS 9 er forventa å medføre noko auka volatilitet i tapsavsetnader.

Resultatrekneskapen er belasta med 10,1 mill. kr i tap (19,8 mill. kr), der 1,9 mill. kr er relatert til endringar i tapsavsetningar etter IFRS9. Dette utgjer 0,12 prosent (0,23 prosent) av brutto utlån ved utgangen av 4. kvartal 2018.

Brutto misleghaldne engasjement er på 53,8 mill. kr (59,3 mill. kr), tilsvarande 0,66 prosent (0,81 prosent) av brutto utlån. Tapsutsette (ikkje misleghaldne) engasjement utgjorde 6,8 mill. kr (15,5 mill. kr), som tilsvarar 0,08 prosent (0,21 prosent) av brutto utlån.

Tett oppfølging av kundar og førebyggjande arbeid er framleis viktige verkemiddel for å oppretthalde ein god risikoprofil i utlånsporteføljen for å redusere framtidige tap.

## Balanse


### Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen utgjer 9.270,5 mill. kr og har auka med 597,5 mill. kr siste 12 månadar.

Forretningskapitalen inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt AS og Næringskreditt AS er på 11.706,2 mill. kr og har auka med 668,7 mill. kr.

## Utlån

Brutto utlån i mill.kroner og 12 mnd vekst




Det er god utvikling i utlånsvolumet. 12-månadersveksten er på 10,5 % som gir ein auke i utlån 769 mill. kr (400 mill. kr).

Banken plasserer delar av dei sikra bustadlåna i SpareBank 1 Boligkreditt og delar av dei sikra næringslåna på eigedom i SpareBank 1 Næringskreditt. Ved kvartals-skiftet utgjer denne porteføljen høvesvis 2.289,2 mill. kr (2.294,6 mill. kr) og 146,5 mill. kr (131,7 mill. kr).

Brutto utlån inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt er såleis på 10.549,5 mill. kr (9.771,1 mill. kr).

Brutto utlån i mill.kroner inkl. kredittføretaka og 12 mnd vekst



Veksten i utlån for personmarknaden inkludert SpareBank 1 Boligkreditt har vore på 565,9 mill. kr (509,1 mill. kr) som tilsvarar ein vekst på 6,8 prosent (6,5 prosent), medan bedriftsmarknad inkludert SpareBank 1 Næringskreditt er auka med 212,5 mill. kr (reduksjon på 64 mill. kr) som tilsvarar ei auke på 14,6 prosent (-4,2 prosent).

### Innskot

Innskot er auka med 615,9 mill. kr (201,2 mill. kr) siste 12 månader til 6.454,4 mill. kr. Dette tilsvarar ein vekst på 10,6 % (3,6 %).

Innskot frå personkundar er auka med 222,0 mill. kr (166,5 mill. kr) til 3.905,9 mill. kr, som tilsvarar ein vekst på 6 prosent (4,7%) siste 12 månader. Innskot frå næringslivskunder er auka med 393,9 mill. kr (-34,7 mill. kr) til 2.548,5 mill. kr siste 12 månader, noko som tilsvarar ein auke på 15,5 prosent (1,6 prosent).

### Likviditet

Banken prioriterer å ha god likviditet, og har ein diversifisert forfallsstruktur på ekstern funding.

Samla ekstern finansiering utgjer 1.371,6 mill. kr. Av dette har 794 mill. kr løpetid mellom 1 og 3 år, og 575 mill. kr løpetid over 3 år.

Innskotsdekninga er 79,5 % (79,5 %) ved utgangen av kvartalet.

Obligasjonsporteføljen er stabil, men tilpassa endra likviditetskrav. Bankens rapporterer ein LCR på 146 % per 31.12.18 (226 %).

### Utbyttepolitikk og resultatdisponering

Styret gjer framlegg om at morbanken sitt årsoverskot på 85.337.461 kroner vert nytta slik:

- Overført til sparebankfondet: 65.590.881 kroner
- Overført til utjamningsfondet: 9.746.580 kroner
- Avsett til gåvefondet: 10.000.000 kroner

Banken utferda eigenkapitalbevis 28. september 2017 på 100. mill. kroner. Ved utgangen av 2018 var det 368 eigarar av Sparebank1 Søre Sunnmøre eigenkapitalbevis. Del av eigenkapital tilordna eigenkapitalbeviseigarane var 11,42 prosent. Resultatet per eigenkapitalbevis var 9,75 kroner for året i morbanken. Det vert foreslått å dele ut utbytte på 61,5 prosent av årets resultat. Dette er foreslått til å vere 6,00 kroner per eigenkapitalbevis.

### Soliditet

Banken nyttar standardmetoden for berekning av kapitaldekning. Dette inneber isolert sett ei meir konservativ måling av risiko enn kva som er tilfelle ved å nytte interne kredittrisikomodellar. Bankens utarbeider kapitaldekning på morbanknivå, og forholdsmessig konsolidering av samarbeidande grupper.

I juli 2017 gjorde Finanstilsynet vedtak om Pilar 2-tillegg på 3,1 % gjeldande frå 31.12.2017. Minimumskravet til rein kjernekapital er 15,1 %.

Kapitaldekning ved utgangen av 4. kvartal 2018 er over dei regulatoriske kapitalkrava og dei interne sette minimumsmål for rein kjernekapital. Rein kjernekapitaldekning er 17,20 prosent inkludert årsresultatet.

Rein kjernekapital med forholdsmessig konsolidering for morbanken var 16,25 prosent ved utgangen av kvartalet.

Det er for andre kvartal i 2018 og 2017 gjennomført forenkla revisjon av delårsrekneskapen i samsvar med ISRE 2410.

### Eigenkapitalbevis

Banken gjennomførte i september 2017 ein vellukka emisjon av eigenkapitalbevis. Emisjonen var overteikna med 46 %, og per 28. september var det innbetalt 100 mill. kr ved utferding av 1 mill. eigenkapitalbevis.

Ved utgangen av fjerde kvartal 2018 har banken 368 eigenkapitalbeviseigarar. Dei 20 største eigarane eig 50,8 prosent av eigenkapitalbevisa til banken.

### Kredittrisiko

Kredittrisiko knytta til utlånsportefølja er bankens største risikoområde. Overvaking av kredittrisikoen skjer gjennom risikoklassifiseringssystemet utvikla i samarbeid med Sparebank 1 Gruppen. Tapsutviklinga er avhengig av den økonomiske utviklinga i Noreg generelt og i bankens marknadsområder spesielt. Arbeid med porteføljekvalitet er ei prioritert oppgåve, og det vert teke aktive grep for å redusere risiko og misleghald. Bankens har god bransjespreiing.

Olje- og offshorebransjen har vore i ein utfordrande periode. Sjølv om oljeprisen falt i fjerde kvartal er utviklinga jamn og positiv sidan 2016. Kostnadane i offshorenæringa er betydeleg redusert, og aktivitetsnivået har teke seg opp. Det er ikkje registrert nye hendingar som gir grunnlag for nye avsetningar for bransjen.

Summane for overtrekk og restansar er stabile over tid, men har gått ned i siste kvartal. Styret følger utviklinga, og banken prioriterer arbeidet med utsette engasjement høgt.



### Utsiktene framover

Det er fortsatt god vekst i norsk økonomi og Norges Bank estimerer ein vekst i BNP for fastlands Norge på 2,3 prosent i 2019. Det er venta at hushaldningane sitt konsum ved kjøp av varer og tenester vil auke noko. Det er eit høgt nivå på føretaksinvesteringar i fastlandsøkonomien og det er venta at investeringsviljen vil auke gjennom året.

Utsiktene i regionen er gode. Det gjerast investeringar i offentlig sektor, det er gunstige forhold for eksportretta industri gjennom svak kronekurs, og det er venta ei vesentleg auke i oljeinvesteringane fram mot 2021.

Utviklinga i bustadmarknaden er stabil, og prisane har hatt ei meir moderat utvikling enn byane.

Med venta vidare vekst i fastlandsøkonomien og auka investeringar i oljerelatert sektor er det sannsynleg at arbeidsløysa vil fortsette den gode utviklinga på Søre Sunnmøre.

Kredittveksten er moderat både innanfor person- og bedriftsmarknaden. Banken ser for seg ein utlånsvekst i overkant av marknadsveksten.

Banken har i 2018 hatt vesentlege kostnader knytt til effektivisering og omstilling. Styret forventar vekst i bankens inntekter og låge tap framover. Dette arbeidet vil framover bidra til betring av bankens kostnadsprosent.

Volda, 1. februar 2019  
Styret i SpareBank 1 Søre Sunnmøre



Kjell Arvid Storeide  
Styreleiar



Ole Reinhart Notø  
Nestleiar




Mona Ryste  
Styremedlem



Arne Steinsvik  
Styremedlem



Arild Hatløy  
Styremedlem



Bente Fylken  
Styremedlem




Kjersti Kleven  
Styremedlem



Møyfrid Lillenes  
Tilsetterepresentant



Runar Gretland  
Tilsetterepresentant



Stig Brautaset  
Administrerende direktør

# RESULTAT

MORBANK					KONSERN				
2017	4. kvartal 2017	4. kvartal 2018	2018	(Tal i heile tusen kroner)	Notar	2018	4. kvartal 2018	4. kvartal 2017	2017
215.211	53.871	59.379	224.580	Renteinntekter målt til amortisert kost	1	220.550	58.337	53.369	211.379
23.957	5.374	4.381	16.248	Renteinntekter målt til verkeleg verdi	1	16.248	4.381	5.374	23.957
96.210	23.260	27.619	101.251	Rentekostnader		99.237	27.098	23.256	96.205
<b>142.958</b>	<b>35.985</b>	<b>36.140</b>	<b>139.578</b>	<b>Netto renteinntekter</b>		<b>137.562</b>	<b>35.620</b>	<b>35.487</b>	<b>139.131</b>
70.509	18.288	17.272	70.386	Provisjonsinntekter		70.386	17.272	18.288	70.509
3.857	935	1.292	5.005	Provisjonskostnader		5.005	1.292	935	3.857
1.004	229	260	894	Andre driftsinntekter		5.651	1.088	1.109	12.750
<b>67.656</b>	<b>17.581</b>	<b>16.240</b>	<b>66.275</b>	<b>Netto provisjons- og andre inntekter</b>		<b>71.032</b>	<b>17.067</b>	<b>18.462</b>	<b>79.402</b>
49.824	1.456	-	32.548	Utbytte		10.640	500	1.456	8.879
-	-	-	-	Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemdar		25.291	8.518	11.504	30.730
-1.280	-2.598	1.392	10.351	Netto verdiendring på finansielle eignelutar		10.401	1.392	-2.598	-1.280
<b>48.544</b>	<b>-1.142</b>	<b>1.392</b>	<b>42.898</b>	<b>Netto avk. på finansielle investeringar</b>		<b>46.331</b>	<b>10.410</b>	<b>10.362</b>	<b>38.329</b>
<b>259.158</b>	<b>52.424</b>	<b>53.773</b>	<b>248.751</b>	<b>Sum inntekter</b>		<b>254.926</b>	<b>63.097</b>	<b>64.310</b>	<b>256.862</b>
61.540	11.237	16.899	67.357	Personalkostnader		67.527	16.975	11.266	66.790
33.719	8.921	9.584	39.444	Administrasjonskostnader		39.444	9.584	9.325	33.730
5.687	1.368	1.219	5.103	Avskrivningar av varige driftsmidlar		7.118	1.739	1.882	8.836
-	-	-	-	Gevinst sal/Nedskrivningar varige driftsmidlar		-	-	-4.300	-4.300
17.000	6.176	4.797	16.294	Andre driftskostnader		18.300	5.784	6.417	21.391
<b>117.946</b>	<b>27.701</b>	<b>32.498</b>	<b>128.198</b>	<b>Sum driftskostnader</b>		<b>132.388</b>	<b>34.081</b>	<b>24.589</b>	<b>126.446</b>
<b>141.212</b>	<b>24.722</b>	<b>21.274</b>	<b>120.553</b>	<b>Resultat før tap</b>		<b>122.537</b>	<b>29.016</b>	<b>39.722</b>	<b>130.416</b>
20.206	10.000	350	7.223	Nedskrivning aksjar		350	350	0	3.206
19.763	-2.613	853	10.076	Tap på utlån, garantiar	5	10.076	853	-2.613	19.763
<b>101.243</b>	<b>17.335</b>	<b>20.072</b>	<b>103.254</b>	<b>Resultat før skatt</b>		<b>112.111</b>	<b>27.813</b>	<b>42.334</b>	<b>107.448</b>
13.737	2.077	5.092	17.917	Skattekostnad		17.917	5.092	2.077	13.737
<b>87.507</b>	<b>15.259</b>	<b>14.980</b>	<b>85.337</b>	<b>Resultat for perioden</b>		<b>94.194</b>	<b>22.722</b>	<b>40.258</b>	<b>93.711</b>
87.507	15.259	14.980	85.337	<b>Utvida resultatrekneskap</b>		94.194	22.722	40.258	93.711
-	-	-	-	Resultat for rekneskapsperioden		-	-	-	-
-	-	-	-	Verdiendring aksjeinvesteringar tilgjengeleg for sal		-	-	-	-
1.130	-	-	-	Verdiendring renter fondsobligasjon		-	-	-	-
-283	-	-184	-184	Årets estimatavvik pensjonar		-	-	-	1.130
				Skatteeffekt av estimatavvik pensjonar		-	-	-	-283
<b>88.354</b>	<b>15.259</b>	<b>14.796</b>	<b>85.154</b>	<b>Totalresultat for perioden</b>		<b>94.194</b>	<b>22.722</b>	<b>40.258</b>	<b>94.559</b>

# BALANSE

MORBANK				KONSERN	
31.12.2017	31.12.2018	(Tal i heile tusen kroner)	Notar	31.12.2018	31.12.2017
		<b>Eignelutar</b>			
40.540	35.842	Kontantar og fordringar på sentralbanken		35.842	40.540
377.999	219.453	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	7	219.453	377.999
7.407.744	8.176.938	Utlån til og fordringar på kundar	3,7,8	8.113.907	7.344.713
21.092	5.951	Individuelle nedskrivningar	5	5.951	21.092
34.096	27.909	Forventa tap på utlån/Nedskrivning på grupper	5	27.909	34.096
<b>7.352.556</b>	<b>8.143.078</b>	<b>Netto utlån til kundar</b>	<b>3</b>	<b>8.080.047</b>	<b>7.289.525</b>
1.566	1.566	Overtekne eigedomar		1.566	1.566
225.511	190.412	Sertifikat og obligasjonar med fast avkastning	7,8	190.412	225.511
376.445	406.442	Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinteresser	7,8	406.442	376.445
81.317	81.317	Investeringar i felleskontrollerte verksemder	7	157.254	154.371
9.873	3.000	Investering i konsernselskap	7	-	-
1.246	1.246	Utsett skattefordel		1.246	1.246
38.228	41.076	Varige driftsmidlar		121.208	125.637
1.859	52.099	Andre eignelutar		52.278	4.160
20.422	4.492	Forskotsbet. kostnader og oppt.inntekter		4.775	14.045
<b>8.527.562</b>	<b>9.180.023</b>	<b>Sum eignelutar</b>		<b>9.270.522</b>	<b>8.611.045</b>
		<b>Gjeld</b>			
2.762	2.636	Innskot frå kredittinstitusjonar	7	2.636	2.762
5.839.027	6.457.037	Innskot frå og gjeld til kundar	7,10	6.454.385	5.838.437
1.466.557	1.371.606	Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	7,9	1.371.606	1.466.557
33.837	88.143	Anna gjeld	5	88.753	34.309
-	-	Utsett skatt		-	-
20.619	7.527	Påkomne kostnader og forsk.bet. inntekter		7.527	20.618
9.948	15.157	Avsetting til forpliktingar		15.157	9.974
150.000	150.426	Ansvarleg lånekapital	7,9	150.426	150.000
<b>7.522.749</b>	<b>8.092.532</b>	<b>Sum gjeld</b>		<b>8.090.490</b>	<b>7.522.657</b>
		<b>Eigenkapital</b>			
100.000	100.000	Eigardelskapital	12	100.000	100.000
193	193	Overkursfond		193	193
10.080	18.307	Utjamningsfond		18.307	10.080
825.933	895.613	Sparebankfondet	6	895.613	825.933
17.125	21.896	Gåvefond		21.896	17.125
1.482	1.482	Kompensasjonsfond		1.482	1.482
-	-	Fond for vurderingsskilnader FKV/TS		75.937	73.054
-	-	Annan eigenkapital		16.605	10.522
50.000	50.000	Hybridkapital	7	50.000	50.000
<b>1.004.813</b>	<b>1.087.490</b>	<b>Sum eigenkapital</b>	<b>6</b>	<b>1.180.033</b>	<b>1.088.388</b>
<b>8.527.562</b>	<b>9.180.023</b>	<b>Forvaltningskapital</b>		<b>9.270.522</b>	<b>8.611.045</b>
<b>10.953.933</b>	<b>11.597.348</b>	<b>Forvaltningskapital inkl. Boligkreditt/Næringskreditt</b>		<b>11.706.154</b>	<b>11.037.417</b>
228.680	236.237	Garantiansvar		236.237	228.680
-	-	Deponert i Norges Bank		-	-

# ENDRING I EIGENKAPITAL

## MORBANK

(Tal i heile tusen kroner)	Eigar- andels- kapital	Overkurs og kompensa- sjonsfond	Sparebank- fondet	Utjamn- ingsfond	Gåvefond	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigen- kapital	Kompensa- sjonsfond	Hybrid- kapital	Sum ei- genkapital
<b>Eigenkapital per 31.12.2016</b>	-	-	<b>757.837</b>	-	<b>12.500</b>	-	-	-	<b>50.000</b>	<b>820.337</b>
Emisjon	100.000	193	-	-	-	-	-	1.482	-	101.675
Estimatavvik mot EK	-	-	848	-	-	-	-	-	-	848
Skatteeffekt på konsernbidrag	-	-	-2.500	-	-	-	-	-	-	-2.500
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-2.679	-	-	-	-	-	-	-2.679
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-375	-	-	-	-	-375
Resultat for rekneskapsåret	-	-	72.427	10.080	5.000	-	-	-	-	87.507
<b>Eigenkapital per 31.12.2017</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>825.933</b>	<b>10.080</b>	<b>17.125</b>	-	-	<b>1.482</b>	<b>50.000</b>	<b>1.004.813</b>
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-1.520	-	-	-	-	-	-1.520
Estimatavvik mot EK	-	-	-184	-	-	-	-	-	-	-184
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-5.229	-	-	-	-	-5.229
Prinsippendring tap IFRS9	-	-	6.946	-	-	-	-	-	-	6.946
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-2.673	-	-	-	-	-	-	-2.673
Delårsresultat	-	-	65.591	9.747	10.000	-	-	-	-	85.337
<b>Eigenkapital per 31.12.2018</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>895.612</b>	<b>18.306</b>	<b>21.896</b>	-	-	<b>1.482</b>	<b>50.000</b>	<b>1.087.490</b>

## KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	Eigar- andels- kapital	Overkurs og kompensa- sjonsfond	Sparebank- fondet	Utjamn- ingsfond	Gåvefond	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigen- kapital	Kompensa- sjonsfond	Hybrid- kapital	Sum ei- genkapital
<b>Eigenkapital per 31.12.2016</b>	-	-	<b>757.837</b>	-	<b>12.500</b>	<b>83.269</b>	<b>-5.897</b>	-	<b>50.000</b>	<b>897.709</b>
Emisjon	100.000	193	-	-	-	-	-	1.482	-	101.674
Estimatavvik mot EK	-	-	848	-	-	-	-	-	-	848
Skatteeffekt på konsernbidrag	-	-	-2.500	-	-	-	-	-	-	-2.500
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-2.679	-	-	-	-	-	-	-2.679
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-375	-	-	-	-	-375
Resultat for rekneskapsåret	-	-	72.428	10.080	5.000	-10.215	16.419	-	-	93.712
<b>Eigenkapital per 31.12.2017</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>825.933</b>	<b>10.080</b>	<b>17.125</b>	<b>73.054</b>	<b>10.522</b>	<b>1.482</b>	<b>50.000</b>	<b>1.088.388</b>
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-1.520	-	-	-	-	-	-1.520
Estimatavvik mot EK	-	-	-184	-	-	-	-	-	-	-184
Korreksjon årsresultat	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-5.229	-	-	-	-	-5.229
Prinsippendring tap IFRS9	-	-	6.946	-	-	-	-	-	-	6.946
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-2.673	-	-	-	-	-	-	-2.673
Udisponert resultat	-	-	65.591	9.747	10.000	2.883	6.084	-	-	94.305
<b>Eigenkapital per 31.12.2018</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>895.613</b>	<b>18.307</b>	<b>21.896</b>	<b>75.937</b>	<b>16.606</b>	<b>1.482</b>	<b>50.000</b>	<b>1.180.033</b>



# KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

MORBANK			KONSERN	
2017	2018	(Tal i heile tusen kroner)	2018	2017
101.244	103.315	Årsoverskot før skatt	112.111	107.448
-	-	Tap ved sal av anleggsmidler	-	-
5.687	5.103	+ av- og nedskrivningar	7.118	8.836
19.763	10.076	+ Tap på utlån/garantiar	10.076	19.763
-	-	- Gåver	-	-
-13.737	-17.917	- Betalbar skatt	-17.917	-13.737
<b>112.957</b>	<b>100.577</b>	<b>Tilført frå årets verksemd</b>	<b>111.388</b>	<b>122.310</b>
-29.373	-31.294	Reduksjon/(auke) andre fordringar	-35.723	-30.633
-40.191	41.214	Auke/(reduksjon) anna kortsiktig gjeld	41.353	-46.182
-335	5.209	Auke/(reduksjon) pensjonsforplikting	5.183	-
-	-13.153	Auke/(reduksjon) forpliktingar	-13.091	-
<b>-69.899</b>	<b>1.977</b>	<b>Likviditetsendring i resultatrekneskaper</b>	<b>-2.278</b>	<b>-76.815</b>
-351606	-790.522	Reduksjon/(auke) utlån	-790.522	-400.272
-76.031	158.546	Reduksjon/(auke) utlån kredittinstitusjonar/sentralbank	158.546	-76.031
197.595	618.010	Auke/(reduksjon) innskot kundar	615.948	201.166
-92	-126	Auke/(reduksjon) innskot kredittinstitusjonar	-126	-92
34.968	35.099	Reduksjon/(auke) sertifikat og obligasjonar	35.099	34.968
<b>-152.108</b>	<b>123.561</b>	<b>A) Netto likviditetsendring frå verksemd</b>	<b>128.054</b>	<b>-194.765</b>
-3.063	-7.951	Brutto investeringar bygningar/driftsmidler	-8.311	-3.063
-	-	Avgang bygningar/driftsmidler	5.622	54.856
33.624	6.873	Reduksjon/(auke) kap. tilkn. selskap/dotterselskap	-2.883	14.797
137.191	-29.997	Reduksjon/(auke) aksjar og eigarinteresser	-29.997	137.190
<b>167.752</b>	<b>-31.075</b>	<b>B) Netto likviditetsendring investeringar</b>	<b>-35.569</b>	<b>203.780</b>
-	426	Auke ansvarleg lånekapital	426	-
100.000	-	Emisjon av eigenkapitalbevis	0	100.000
-9.929	-2.660	Endringar direkte mot eigenkapital	-2.660	-3.336
-101.969	-94.951	Auke/(reduksjon) annan langsiktig gjeld	-94.951	-101.970
<b>-11.898</b>	<b>-97.184</b>	<b>C) Netto likviditetsendringar finansiering</b>	<b>-97.185</b>	<b>-5.306</b>
<b>3.746</b>	<b>-4.699</b>	<b>A) + B) + C) Netto endringar i likvidar i året</b>	<b>-4.699</b>	<b>3.709</b>
36.794	40.540	Likviditetsbeholdning inngåande balanse	40.540	36.831
40.540	35.842	Likviditetsbeholdning utgåande balanse	35.842	40.540
<b>3.746</b>	<b>-4.699</b>	<b>Endring</b>	<b>-4.699</b>	<b>3.709</b>

# NOTAR

## Note 1

### Rekneskapsprinsipp

#### 1.1 Grunnlag for utarbeiding

